

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

oktober 2003

Årgang 13



*Knut Opheimsbakken og Jan Beitohaugen Granli framfor Instrumentverkstaden*

## Innhold

Gode lesar av Låt o Link! .....	2	Litt om laga .....	7
Yngretreff på Skrautvål skule! .....	3	Valdreskvelven spel- og dansarlag .....	8
Instrumentverkstaden – det regionale folkemusikkhuset for Valdres .....	4	Eldst, størst og sprekast .....	9
Har du meiningar om Jørn Hilme-stemnet? .....	5	Takk .....	10
Melding frå arkivaren .....	5	Styret for Valdres folkemusikklag 2003 .....	12
Primstaven hausten 2003 .....	6		

# GODE LESAR AV LÅT O LINK!

Vel heimkomen frå møtekveld, og eg kjenner meg i særers godt humør! Det har vore leiarmøte, møte der *lokallaga* stod i fokus og leiarane sette dagsorden. Møtet var det fyrste etter at årsmøtet vedtok å endre vedtektene om styresamansetjing og innføre punktet om innkalling til leiarmøte minst ein gong i året. Målet er at laga skal bli kjende med kvarandre, gjera seg nytte av andre sine erfaringar, finne samarbeidsmåtar og sjå korleis me samla kan fremje folkemusikk- og dansearbeidet i dalen. Og her vart det meldt om planar, mange planar, og til dels omfattande planar. Utfordringar som å finne folk til styre og styringstrøytteleik var gløymt i iveren for å skapa noko, i gleda over å sjå kva som eigentleg blir gjort, og i funn av løysingar på det som før har bremsa. Det vart etterlyst folk til å drive opplæring, instruktørar særskilt for dans og gjerne gamaldans, og her fanst ei fornuftig løysing, nemleg instruktørkurs. Visst har Valdres mange gode dansarar, men det er godt med nokre tips om framgangsmåte når ein sjølv skal lære vidare. Har du som les dette, lyst til å hjelpe til med opplæring, så fylg med når eit slikt instruktørkurs blir annonsert.

Om Arnestad-rapporten skal ta inntekta for at dans vart satsingsområde her i dalen, veit eg ikkje, men det blir satsa mykje på denne aktiviteten framover. Prosjektet Bygda dansar siktar seg inn imot Oppland med tilbod for ungdom i vidaregåande skule, Øystre Slidre spel- og dansarlag har laga storprosjekt retta mot ungdomsskulen (dersom det blir gjeve midlar frå den kulturelle skulesekken), Etnedal og Bagn har dansetimar i skulen med instruktøren Vegar Vårdal, og elles er det dansekveidar og øvingar rundt i dei fleste lag.

Stabile, aktive lag er viktig i det tempoet Valdres er inne i – med festivalar, kappleikar, kurs, og før ein skikkeleg får takka for stor, stabil og god innsats ved gjennomførde stemne i år, ja så er planar for dei neste godt i gang. Takk til alle dykk som stilte opp for Jørn Hilme-stemnet og for Strunkevekun i sumar! Takk til dykk som er ambassadørar for Valdres på kappleikar og stemne ”ute”, til foreldre som stiller opp for aktive born, for større og mindre oppgåver som blir utført i det jamne lagsarbeidet! Og som om ikkje mangfaldet av aktivitet er stort nok, så har me lovd oss som arrangørar av den tiande Munnhørpefestivalen i 2004 på Fagernes.

Eit tilbakevendande emne er profilen til Låt o Link. Kva ynskjer du som medlem og lesar av bladet å finne her? Det er opne spalter for meningsutveksling, og dette bør vera av komande emne. Nils Leine har stått for ”layout” av Låt o Link dei siste tre–fire åra, men seier no at han ynskjer avløysing. Nils har gjort eit grepa arbeid med bladet, og eg nyttar med dette høvet til å takke han for det. Aud Søyland har for styret fått ansvar for å tenkje innhald, og treng dykkar innspel for å gjera som de ynskjer.

Elles har eg lyst til å avslutte med ein del gratulasjonar; Øystre Slidre spel-og dansarlag med feiringa av 60-årsjubileum, Trygve Bolstad med sine 60 år, Ingar Ranheim og Elisabeth Kværne med 50-årsjubileum, Solveig Hårdnes og Magne Olav Selland med 30-årsjubileum, Valdres Folkemusikkgruppe med 15-årsjubileum. Nokre nemnde, i fare for at nokre er gløymde... gratulerer til alle som ikkje er nemnde òg!

Så ynskjer eg alle ein aktiv og god førejuls vinter!

*Oddrun Hegge*

## **YNGRETREFF PÅ SKRAUTVÅL SKULE!**

**Det blir yngretreff på Skrautvål skule laurdag 18. oktober 2003 kl. 11.00.**

Det blir kurs i hallingdans og song, spel fele, spel hardingfele, toradar og langeleik.

### **Lærarar:**

Halling	Hallgrim Rogn
Sang	Eli Marit Fuglesteg
Fele	Kari Grøslund
Hardingfele	Jan Beitohaugen Granli
Torader	Daniel Storengen
Langeleik	Turid Berge og Knut Aastad Bråten

Kurset er gratis. Det blir servert pizza, og i tillegg blir det høve til å kjøpe brus.

Meld dykk på innan onsdag 15. oktober 2003 til

Eli Marit Fuglesteg tlf 61 34 24 74 / 986 23123

Gustav Berger tlf 61 36 38 01

Det blir elevkonsert for foreldra kl 16.00, deretter kaffi, kake og loddsal. Bli med og få ein aktiv og morosam laurdag!

*Arrangør: Vårflaumen og Øystre Slidre spel- og dansarlag*

# **INSTRUMENTVERKSTADEN – DET REGIONALE FOLKEMUSIKKHUSET FOR VALDRES**

I sommar har Valdres Folkemuseum gjort nokre endringar som har samla dei tilsette i folkemusikkstillingar under same tak. Den tidlegare folkemusikkverkstaden har no verkstadsavdeling for felemakarane og kontoravdeling for kontorrottene. I kontoravdelinga er det også eit fellesrom knytt opp mot arkivet. Der har dei tilsette matpausar, møte og øvingslokale. Dette er eit tiltak som kan gje gode resultat for interessa for folkemusikk og -dans i Valdres på lengre sikt. Her kan alle gje og ta av kvarandres kompetanse og opparbeide eit godt sosialt og kreativt arbeidsmiljø. Me har no kome eit godt steg på vegen til eit kompetansesenter for folkemusikk og folkedans i Valdres.

I dag har desse arbeidsplassen sin her:

Felemakarar: Knut Opheimsbakken, Oddrun Hegge, Sigvald Rørlien

Konservator for m.a. folkemusikk og folkedans: Ingar Ranheim

Folkemusikkarkivar: Jan Beitohaugen Granli

Dagleg leiar i Valdres folkemusikklag: Solveig Hårdnes

Me ynskjer dykk velkomne innom. De finn oss her måndagar, tysdagar, onsdagar og fredagar.

## ***Arkivarstillinga ved Valdres Folkemuseum***

I haust blei 50 %-stillinga som folkemusikkarkivar ved Valdres Folkemuseum utlyst. Det er kome inn tolv søknadar til stillinga, og alle er godt kvalifiserte søkjarar. Tilsetjinga skal avgjerast i løpet av dei fyrste dagane. Jan Beitohaugen Granli har vore vikar for Bente Ingholm Hemsing sidan 2001.

## ***Valdres folkemusikkgruppe jubilerer***

I år er det 15 år sidan Valdres folkemusikkgruppe blei etablert. I det høvet vil gruppa halde ei stor markering i kulturhuset på Fagernes laurdag 11. oktober kl 19.30. Det blir ein flott konsert med noverande og tidlegare tilsette i gruppa. Etter konserten blir det bevertning og dans i festsalen.

Nestoren i gruppa, Trygve Bolstad, har vore med i gruppa sidan starten og har lagt ned eit enormt arbeid med opplæring av unge felespelarar. Han fylte 60 år i vår, og me vil sjølv sagt gje han ei verdig markering. I lag med dei andre i gruppa – Magne Olav Selland, Ole Aastad Bråten og Solveig Hårdnes – ynskjer han alle velkomne til fest.

## **Bygda dansar**

Prosjektet Bygda dansar er tenkt som ei ambulerande scene som driv treårige prosjekt for ungdom i vidaregåande skule i fylke etter fylke. Scena blir driven av fagmiljøet ved Rådet for folkemusikk og folkedans i Trondheim i samarbeid med dei lokale fagkreftene i fylket, med lokale teater og med profesjonelle kunstnarar på teater, scene-dans og folkemusikk.

Første prosjektet blei starta i Sogn og Fjordane fylke i 2001 og fekk tittelen "Fjordapuls". Dette er no inne i sluttfasen. Rff ynskjer å arbeide vidare med prosjektet i Oppland fylke og Møre og Romsdal fylke frå 2004. Det ligg inne søknad om økonomisk støtte hjå Kulturdepartementet, Norsk kulturråd og den kulturelle skulesekken.

De som vil vite meir om prosjektet Fjordapuls, kan gå inn på heimesidene deira:

<http://www.hf.ntnu.no/rff/fjordapuls.html>

Me gratulerer Elisabeth Kværne og Ingar Ranheim med 50-årsdagane deira i haust.

## **HAR DU MEININGAR OM JØRN HILME-STEMNET?**

I så fall er vi interesserte i å få høyre desse slik at vi kan ta omsyn til dei i planlegginga av neste års stemne. Vi lurar blant anna på:

1. Korleis du fekk informasjon om årets program? Var det via heimesida vår (hilme.com), løpesetelen du fekk tilsendt i posten, faldaren, plakatar, annonsar eller på anna vis?
2. Kva tykte du var bra med stemnet i år?
3. Er det noko du saknar på Jørn Hilme-stemnet? Er det noko som burde bli annleis?
4. Andre ting som du skulle ynskje å formidle.

Send kommentarar til: [presse@hilme.com](mailto:presse@hilme.com), eller Jørn Hilme-stemnet, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes. Me vil gjerne ha merknadene til evalueringsmøtet i Hilme-nemnda 12.10.

Beste helsing

styret for Jørn Hilme-stemnet.

### **MELDING FRÅ ARKIVAREN**

Det er lagt ut lister ved Øystre Slidre og Nord-Aurdal folkebibliotek over tilgjengeleg materiale i Valdres folkemusikkarkiv.

*Jan*

# PRIMSTAVEN HAUSTEN 2003

## Oktober:

3. Fredagsdans kl. 21 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
4. Avduking av minnestein i Ringestadtunet kl. 18, deretter fest på Kvamshall, Vestre Slidre
- 3.–5. Vestlandskappleiken
5. Øving i Valdrestakt kl. 19, Kulturhuset, Fagernes
7. Dans og spel på Åsvang kl. 18–21, Valdreskvelven
9. Langeleiktreff, Spelemannsstogo, Øystre Slidre
11. 15-årsjubileum for Valdres folkemusikkgruppe i Kulturhuset, Fagernes, kl. 19.30
12. Song kl. 19 og syndagsdans kl. 20 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
13. Springarkurs kl. 18.00–20.00 + springarøving, Valdreslaget i Oslo
- 17.–18 Representantskapsmøte i Rådet for folkemusikk i Trondheim
18. Yngretreff på Skrautvål skule (samarbeid Vårflaumen/Øystre Slidre)
19. Øving i Valdrestakt kl. 19, Kulturhuset, Fagernes
21. Dans og spel på Åsvang kl. 18–21, Valdreskvelven
25. Myldrekonsert i samband med 60-årsjubileum, Øystre Slidre
25. Oslo-kappleiken
26. Song kl 19.00 og syndagsdans kl. 20.00 på Røn gamle skule, Vestre Slidre
26. Minikurs i Valdrespringar kl. 18.00 i Halli, Valdreslaget i Oslo
27. Springarkurs kl. 18.00 – 20.00 + springarøving, Valdreslaget i Oslo
31. Dans på Frydenlund i Aurdal, Vårflaumen

## November:

02. Øving i Valdrestakt kl. 19, Kulturhuset, Fagernes
04. Dans og spel på Åsvang kl. 18–21, Valdreskvelven
06. Langeleiktreff, Spelemannsstogo, Øystre Slidre
07. Fredagsdans kl. 21 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
- 08.–09 Årsmøte i Lfs på Voss
10. Springarkurs kl. 18.00 – 20.00 + springarøving, Valdreslaget i Oslo
- 12.–13 Fylkeskulturkonferanse i Oppland
15. Dansekurs med fest etterpå, i Bjørktun på Flatigar'n, Etnedal
16. Song kl. 19 og syndagsdans kl. 20 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
16. Øving i Valdrestakt kl. 19, Kulturhuset, Fagernes
18. Dans og spel på Åsvang kl. 18–21, Valdreskvelven
21. Tradisjonell rakfiskkveld på Røn gamle skule kl 20, Vestre Slidre
24. Springarkurs kl. 18.00 –20.000 + springarøving, Valdreslaget i Oslo
25. Leiarmøte i Valdres Folkemusikklag, Felemakarverkstaden kl. 19
26. Minikurs i Valdrespringar kl. 18.00 i Halli, Valdreslaget i Oslo
28. Dans på Frydenlund i Aurdal, Vårflaumen

30. Song kl. 19 og syndagsdans kl. 20 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
30. Øving i Valdrestakt kl. 19, Kulturhuset, Fagernes

### **Desember:**

02. Dans og spel på Åsvang kl. 18–21, Valdreskvelven
  04. Langeleiktreff, Spelemannsstogo, Øystre Slidre
  05. Fredagsdans i Spelemannsstogo med servering av rakfisk, Øystre Slidre
  07. Kyrkjekonsert i samband med 60-årsjubileum, Øystre Slidre
  08. Springarkurs kl. 18.00 – 20.00 + springarøving, Valdreslaget i Oslo
  14. Song kl. 19 og syndagsdans kl. 20 i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
  14. Øving i Valdrestakt, Kulturhuset, Fagernes (?)
  29. Femtedagsfest i Etnedal, Vårflaumen og Etnedal spel- og dansarlag
  30. Sjettedagsfest med julebukkmoro i Spelemannsstogo, Øystre Slidre
  31. Nyttårsfest på Herangtunet, Øystre Slidre
- 

## **LITT OM LAGA**

### ***Begnaljom spel- og dansarlag***

*Leiar: Inger Mari Sørum, 2930 Bagn Tlf. 61 34 82 92*

Begnaljom har god aktivitet i spelemannslaget og har planar om runddanskurs. Laget har sagt ja til å vera med og arrangere lokalkappleiken i Etnedal til våren.

### ***Etnedal spel- og dansarlag***

*Leiar: Ellen Wiborg Sanderud, Fauske, 2890 Etnedal Tlf. 61 12 11 94/908 90 878*

Det er planlagt toradarkurs og femtedagsfest saman med Vårflaumen, og kurs med fest, jf. primstaven. Laget betaler òg for danseundervisning i skulen v/Vegard Vårdal. Etnedal arrangerer lokalkappleik i samarbeid med Begnaljom til våren.

### ***Valdreskvelven spel- og dansarlag***

*Leiar: Kari Hagaseth, 2973 Ryfoss Tlf. 61 36 82 27*

Laget har spel- og danseøvingane for barn annankvar tysdag, og deretter spel og dans for vaksne, sjå primstaven. Merk elles festen der Grihamar-cd-en skal presenterast.

### ***Valdreslaget i Oslo***

*Kontaktperson: Elisabeth Bring, Jensmessv. 20, 0376 Oslo Tlf. 22 13 79 64*

Laget skal ha lagskveld i oktober, men datoen er ikkje fastsett. Elles er det springarkurs og springarøvingar måndagar, jf. primstaven.

*Framhald side 8.*

## Vestre Slidre spel- og danselag

*Leiar: Astrid Olga Bråten, 2966 Slidre Tlf. 61 34 33 14*

Laget held fram med folkepøbb og rakfisktreff. Merk elles minnestunda på Rengistunet og festen etterpå, der det òg blir bunad- og sølvutstilling, jf. primstaven.

## Vårflaumen spel- og dansarlag

*Leiar: Ole Aastad Bråten, Ranheimsbygde, 2900 Fagernes. Tlf. 907 63 635*

Laget samarbeider med Etnedal om tre dansekveldar og femtedagsfest, jf. primstaven.

Dessutan blir det toradarkurs i samarbeid med Etnedal, og yngretreff på Skrautvål skule i samarbeid med Øystre Slidre, sjå eigen omtale.

## Øystre Slidre spel- og dansarlag

*Leiar: Stian Roland, 2943 Rogne Tlf. 907 22 690*

Laget har faste fredagsdansar og sundagsdansar med songøving, i tillegg til langeleikkveldar og jubileumsarrangement, jf. primstaven. Det samarbeider med Vårflaumen om yngretreff. Elles har laget eiga juniortoradargruppe, nybyrjarkurs i toradar og faste øvingar i spelemannslaget.



- vil i haust prøve å samle folkedans- og folkemusikkinteresserte vangsgjeldingar annankvar tysdagskveld. Åsvang blir samlingsplassen og tanken er at dei ulike gruppene i laget møtest og øver kvar for seg fram til kl. 20.00. Deretter blir det felles samling i samfunnssalen. Her vil dei ulike gruppene syner fram kva dei driv med og det blir bygdedans, runddans, turdans m.m. for

alle. Tanken er at me skal ha eit tema for kvar kveld og me startar med godkarstykke og runddansopplæring fyrste kvelden. Sidan blir det høve til å lære litt om turdans, internasjonal kveld med folk frå mottaket på Grindaheim, pols og jammen skal det bli litt swing også! Tysdag 7. oktober dreg me det heile i gang, og me legg opp til fem kveldar fram til jul: 7/10, 21/10, 4/11, 18/11 og 2/12. Og berre for å ha sagt det; me tek gjerne imot besøk frå grannelaga!

- vil i slutten av november markere at det under Jørn Hilme-stemnet vart gjeve ut ein CD med spelemannen Ola Grihamar d.e. Ola var fødd i 1910 og døydde i 1978 og var initiativtakar og fyrste leiaren i Valdreskvelven spelemannslag som var stifta i 1962. Alt i 1948 var han leiar for eit lite spelemannslag i heimbygda Øye. Plateselskapet ta:lik har fått tilgang til ei rekkje opptak gjort av NRK og CD-en vart presentert på ein konsert under Hilme-stemnet, der mellom anna sonen Ola Grihamar d.y. og Nils Leine deltok. No vil spel- og dansarlaget gjerne skipe ei lokal tilstelling i Øye for å markere denne utgjevinga. Datoen er ikkje heilt fastlagt enno, men ei av dei tre siste helgene i november vil bli valt.



# ELDST, STØRST OG SPREKAST

Øystre Slidre spel- og dansarlag er 60 år i år, og er det største og mest aktive laget i Valdres Folkemusikklag. Åremålet vart nyleg markert med ein jubileumsfest på Herangtunet.

9. april 1943 samlast nokre spelemenn i Øystre Slidre med det målet for auge å stifte spelemannslag. Det var kimen til det fyrste folkemusikklaget i Valdres.

## Øystre Slidre

Spelemannslag var i starten eit lag berre for spelemenn – det vil seia hardingfelespelemenn. Målet var å auke interessa for ”vår nasjonalmusikk og vår nasjonale kultur”. Det ville dei gjera gjennom faste samspeløvingar. Dei arrangerte òg festar (med god hjelp av kje-ringane sine) og kappleikar, i tillegg til at dei deltok på kappleikar andre stader og stilte opp med spel på festar i andre lag.



*Nye æresmedlemmer: Rolf Karlberg, Magni Karlberg, Ingvar Hegge og Olav Jørgen Hegge*

Også dette laget har nok vore avhengig av eldsjeler. Ut frå 50-årssoga synest det å ha vore liten aktivitet frå 1957 til 1965. Men på årsmøtet i 1965 vart Olav Jørgen Hegge ny leiar, og i 1966 vart Torleiv Bolstad tilsett som folkemusikkinstruktør i dei seks valdreskommunane. Desse to karane har nok mykje av æra for at laget blømde opp att på den tida. Men dei hadde òg eit rikt miljø å spela på – av både spelemenn, songarar, langeleikutøvarar og dansarar.

I 1974 vart namnet på laget endra til Øystre Slidre spel- og dansarlag. Det markerte at laget skulle vera for alle som dyrka folkemusikken – slik det elles hadde vore lenge.

Øystre Slidre spel- og dansarlag har fostra mange gode utøvarar både innanfor song, dans og spel. Men det flottaste med laget er kanskje det gode miljøet dei har greidd å skapa, dei som har vore leiande i laget. Det har vore eit pluss å kunna samle folk i eige hus – Spelemannsstogo på Herangtunet, men det viktigaste er nok at dei som har vore lenge i laget, har teke vare på dei nye, anten dei er ungar, ungdom eller innflyttarar.

Gratulerer med dei 60, og gode ynske for dei neste!

## ***Ny giv for gammel tradisjon***

Øystre Slidre spel- og dansarlag har søkt om midlar frå "Den kulturelle skulesekken" til eit opplegg i skulane.

Problemstillingar er:

Korleis byggje bru mellom gammel og ny tradisjon – og gamle og nye uttrykksformer?

Korleis skape danseglede hos elevar i ungdomsskulealderen?

Korleis skape nysgjerrigheit og interesse for gamle folkemusikkinstrument og folkemusikklåttar?

Korleis skal vi få dei unge til å bli stolte over eigen kultur og føle tilhøyrigheit til bygda?

Tanken er å kjøre eit opplegg på mellomtrinnet med ein dobbelttime med kvar av desse seks aktivitetane: song, munnharpe, fløyter, gitar, runddans, halling.

På ungdomstrinnet er tanken at alle ungdomsskuleelevane skal få 18 timar danseundervisning i løpet av skuleåret. Dei skal få ei innføring i halling, den lokale bygdedansen (valdresspringar) og runddansane. Vidare er det tanken å bruke desse dansane i samband med ein musikal som byggjer på lokale segner.

Dette prosjektet er meint å vera eit prøveprosjekt for skulane i Øystre Slidre kommune, skuleåret 2003/2004. Etter ei grundig evaluering av prosjektet kan det vera aktuelt å skape ein pedagogisk og organisatorisk modell som kan nyttast i dei andre fem kommunane i Valdres-regionen.

### **TAKK**

Me vil takke Valdres folkemuseum, Valdres Sparebankgruppe, Avisa Valdres, Fagernes Handelsstands Forening, sponsorar og offentlege instansar for økonomisk støtte til årets Strunkeveke og Jørn Hilme-stemme.

Stor takk til alle medarbeidarar for dugnadsinnsatsen og Valdres kunstforeining for godt samarbeid.

***Valdres folkemusikklag***

### Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringer for gørdbrukarar,

- Bolighus
- Driftshyggerar
- Løsare
- Høsløyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



### Private forsikringer

Vi kan ordne alle forsikringer for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Frittidsbøndermar
- Motorrykdel / moped
- Reiserforsikring
- Verdigrøntandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

### Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uferkapital
- Uferpensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)



# B

## STYRET FOR VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2003

Titel	Namn	Adresse	Postnr, poststad	Tlf privat	Mobilttf	Tlf arbeid	E-post
Leiar	Hegge Oddrun	Sagbrøtafelet	2910 AURDAL	61 36 56 52	97 17 68 68		audrun@frisurf.no
Nestleiar	Voldhaug Tone	Ranheimsbygge	2900 FAGERNES	61 36 32 30	95 05 10 32		tvoldhaug@hotmail.com
Skrivar og redaktør	Søyland Aud	Sylvsmedvn. 44	2920 LEIRA	61 36 25 56	99 03 75 84		aud.soyland@eunet.no
Styremedlem	Granli Jan Beitoh.	Gamle Stølsv. 9	2943 ROGNE	61 35 99 20	90 73 95 61		beitohaugen@hotmail.com
Styremedlem	Bolstad Trygve		3528 HEDALEN	61 34 96 94	95 97 30 04		
1. Varamedlem	Før Gjermund		2966 SLIDRE	61 34 34 28	95 08 93 35	61 36 33 48	<u>remnahu.ped@online.no</u>
(etter avtale i skuleåret)				99 32 44 67			
2.Varamedlem	Bråten Astrid		2966 SLIDRE	61 34 33 14	90 06 43 16	61 35 93 06	astrid.braten@sensewave.com
3.Varamedlem	Dølven Mikael		2930 BAGN	61 34 77 46			vft@sensewave.com
Dagleg leiar	Hårdnes Solveig	Tyinvegen 27	2900 FAGERNES	61 36 46 71			sohard@frisurf.no
<b>månd / torsd 10.00 – 15.00</b>		Molothaugen	2940 HEGGENES	90 51 20 55	61 34 07 79		aud.soyland@eunet.no
Strunkeveko	Søyland Aud	Sylvsmedvn. 44	2920 LEIRA	61 36 25 56	99 03 75 84		ellenpersvold@hotmail.com
Strunkeveko	Persvold Ellen	Garbu	2900 FAGERNES	61 36 54 88	99 03 15 11		anders.erik@roine.net
Strunkeveko	Røine Anders Erik		2943 ROGNE	61 34 23 87	97 18 08 39		